

# Årsmelding 2022

## Treungen idrettslag

Treungen idrettslag har nå 314 registrerte medlemmer. Dei fleste av dei er aktive.

**Styret har vore:** Elin Fjalestad (leiar), Unni Løken (nestleiar/kasserar), Morten Solberg, Roy Åge Homme, Anita Haugstad Haugsjå, Olav G Tveit, Cathrine Askland og Nils Tveit.

Dette har vore eit aktivt år i Treungen IL med mykje aktivitet både for barn, ungdom og vaksne. Vi har hatt fleire store arrangement og har også i år gjort nokre utbetreingar på idrettsbanen vår.

### Aktivitetar 2022

**Skøytegruppaa:** Vinteren 2022 blei det laga kantar til skøyteis av snø. Det var fin is i desember 2021, men den forsvann desverre tidleg i januar. Seinare på vinteren var det dårleg med skøyteis. Hausten 2022 blei ramma av tre lagt på banen. Banen blei sprøyta og var brukbar nokre dagar i desember.

**Ski:** Over 40 ungar frå Treungen IL var med på skitreningar i 2022. Treningane har vore på Gautefall Biathlon. Gruppa blei delt i tre, med mest skileik for dei minste. Vi arrangerte to teknikkurs i skøyteteknikk i samarbeid med Drangedal IL. Vi hadde seks klubbrenn som blei arrangert saman med Drangedal IL på Gautefall Biathlon. Etter siste renn hadde vi pizza og premieutdeling på Gautefall Hotell der Treungen IL og klubbane frå Drangedal var representert.

**Alpingruppa:** Også i 2022 fekk vi sviv på heisen i alpinbakken. Det var ikkje så mykje snø denne vinteren. Sesongen blei derfor kort. Bakken var open fire dagar vinteren 2022. Hausten 2022 blei bakken slått med beitepussar slik at den skulle vere klar for sesongen 2023. Bua nederst i bakken har blitt litt bruka av ungdom som samlar seg der på kveldstid, nokon har også overnatta der. Bakken har også blitt bruka til terrengsykling. Skulen har nytta seg av bakken og nokon har også hatt bursdagsfeiringar i varmebua.

### Fotball:

I 2022 har vi hatt ni fotballag i Treungen IL. To blanda lag J/G 8, G9, J11, G11, G13, J13, J15 som spelte kampar i serien både vår og haust. Samt G16 som ikkje stilte lag i serien, men trenar mot og deltok på Norway Cup i sommar. Dei hadde ein veldig god oppleving i Oslo og anbefaler dette vidare til våre andre lag. Etter sommaren har nokre av desse gutane meldt overgang til naboklubbar, og fleire av dei andre har delteke på Old Boys treningane her i Treungen IL. Særleg på jentesida opplever vi at fleire og fleire melder seg inn i fotballen, til trass for at dei ikkje har spela så mykje fotball før.

Klubben har hatt 18 frivillige fotballtrenarar dette året som held 1-2 treningar pr veke for laga sine. Fotballaga våre spelte heile 101 kampar i 2022! Tek vi med tid til arrangement og heimekampar, køyring til bortekampar og tid til planlegging av treningar gjennom heile året, kjem vi opp i eit veldig stort antall dugnadstimar!

To jenter på 13 år har vore på kretslaget til Telemark dette året. Frå årskullet under deltok fire gutar og ei jente på sonetreningar. Dette gir god erfaring tilbake til våre lokale lag. I 2022 tok Olav og Bjørn på seg ansvaret for oppfølging, opplæring, organisering og betaling av dommarane våre. På våren 2022 kom det ein representant frå NFF Telemark som gav opplæring til våre ni dommarar. Både ungdommane og Olav og Bjørn var fornøgdde med opplegget frå kretsen. Samarbeidet med kommunen har vore godt dette året. Vi hadde eit møte med teknisk avdeling tidleg på våren for å gå gjennom ansvarsområda på idrettsbanen. Kommunen kjøpte ein robotklyppar til bruk på fotballbanen, det var fantastisk med alltid nyklyppa gras på banen! Dette gjorde merkingsarbeidet til Even Holskar også mykje lettare. Roy Åge i Treungen IL har hatt ansvaret for robot-appen og gjort fleire tilsyn til klypparen i løpet av sesongen. Teknisk sette opp vatningsanlegget for oss, og nokre trenarar bytta på oppgåva med å skru på/av vatnet og flytte spreiarer etter behov. Det var ein svært tørr forsommar og vi bruka mange dugnadstimar for å få banen tilstrekkeleg vatna. Vatningsanlegget er gammalt, dårleg og tungvint. Vi opplevde eit svært bra oppmøte på den årlege vårdugnaden og fotballavslutninga på seinhausten. Det er ein stor verdi for fotballgruppa å vite at ein har eit godt foreldrelag i ryggen. Styret i fotballgruppa har hatt desse medlemmene i 2022: Bjørn Leirvik, Jørgen Grundt, Olav Gaastjønn Tveit og Lena Holskar Sanden (leiar).



### **Spinning:**

Spinninggruppa i Treungen IL har i 2022 hatt tilbud om 2-3 timar per veka. Ingunn og Torgeir har hatt morgospinn onsdagar med sosial kaffeprat etterpå. Geir har hatt onsdagsspinn på ettermiddagen deler av året. Og mandagar har det vært full time pluss drop-in vår og haust sesong med Herdis. 17 syklar totalt.

**Zumba:** er ei treningsform med enkle dansesteg til latinamerikanske rytmer. I 2022 har det vore to treningar i veka. 10 personar har delteke fast i denne gruppa, i tillegg har nokon vore med på drop-in timar. Her er det også med nokon frå Åmli.

**Innebandy menn:** Gruppa har trena fast ein gong i veka. Er er det med både vaksne og ungdommar.

**Innebandy for damer:** Gruppa trener ein gong i vinterhalvåret og to gonger ellers. 12 damer er med på treningane.

**Fotball old boys:** Det har vore vekentlege treningar gjennom heile året. 15-20 personar har vore med på treningane. Då G16 slutta med treningar etter Norway cup begynte fleire av ungdommane på Old-boys laget.

**Volleyball:** om lag ti personar har deltatt på vekentlege volleyballtreningar. Det har vore ei god blandinga av ungdom og vaksne spelarar med på volleyball dette året.

**Toppturkasser:** Treungen IL held fram med kasse med bøker på 15 toppar. Våren 2022 var vi oppom alle kassene, og bytta ut bøker der dei var utskrevne. Vi har ikkje hatt trekningspremiar i år.

**Klatregruppa:** Klatregruppa har deltatt på møter med Nissedal kommune om utvikling av eit mogleg klatresenter. Dei har vore tilgjengelege som kontaktpunkt og «auge på staden» for utanbygds klatreturistar og har lånt ut utstyr til folk som har klatra. Dei hadde også tilbod om brusseklatring på eit ungdomsarrangement for ungdom frå heile Vest-Telemark sommaren 2022.

## Arrangement

**Skuggenatten Opp:** Den 11.utgåva av Skuggenatten Opp blei arrangert 4. juni. Nytt dette året var samkjøring med Skuggenatten Opp 12-timars som Helge Reinholt hadde hovedansvar for. Skuggenatten Opp 12-timars hadde ca.30 deltakarar. Resultat og bilder fra løpet er tilgjengeleg på FB sida til Skuggenatten Opp. Skuggenatten 12-timars blir ikkje arrangert i 2023.

Skuggenatten Opp hadde 70 deltakarar i konkurranseklassa og ca.100 deltakarar i trimklassa. Det er det lågaste deltakerantallet sidan oppstarten i 2010. Arrangørgruppa hadde ca. 20 frivillige i aksjon. Nissedal Røde Kors stilte med 10 mannskaper. Tilskot frå Nissedal kommune, sponsorinntekter og gavefond Sparebanken Sør gjorde at årsresultatet blei positivt.

Fotballgruppa hadde ansvaret for organisering av parkering samt kiosksalg. Inntektene herfra gjekk direkte til finansiering av Norway-cup deltaking.

Sponsoravtalane inngått i 2022 er treårige og gjeld for perioden 2022-24.

Skuggenatten Opp 2023 er tildelt NM i motbakkeløp U-23, senior og veteran og blir arrangert 10.juni.



### **Telemarks Vakraste:**

Telemarks Vakraste terrengløp på Nisserstien blei arrangert laurdag 27. august 2022 av ein svært positiv dugnadsgjeng fra Treungen IL. Det var strålande sol, 44 deltakere i alle aldre som valgte 5 eller 10 km løp og det blei bading på mange etter målgang i vakkert målområde i Turines hage.



**NM i rulleskiskyting:** Drangedal IL arrangerte NM i rulleskiskyting på Gautefall Biathlon i september. Fleire frå Treungen deltok i dugnadsarbeidet for å arrangere rennet. Treungen IL bruker bathlonanlegget til trening gjennom heile vinteren. Drangedal kommune, som har ansvar for anlegget, har i alle år vore veldig på tilbodssida. Vi kjem til ferdig oppkjørte løyper kvar veke og har aldri betalt noko for dette. At Treungen IL deltek på dugnader som dette meiner vi at er veldig viktig.

**Kontigentkasse:** Nissedal kommune har oppretta kontigentkasse. Fleire born i klubben har fått treningsavgifter og utstyr dekkja gjennom denne ordninga. Det sikrer at alle ungar i kommune skal kunne delta i aktivitetar i klubben vår, uavhengig av foreldrenes økonomi.

### **Utbetringar:**

Våren 2022 fekk vi sett opp to basketkorgar på asfalten framom klubbhuset. Det gjer at vi nå også har basketbane. Vi sette også opp tre frisbeegolfkorgar på området. Det er tre utkaststader til kvar korg. Fleire ungdommar samla seg på idrettsbanen for å spele basket og frisbeegolf. Vi er galde for å kunne tilby fleire aktivitetar på området.

Vi ynskjer at idrettsbanen skal vere ein samlingsstad for barn, ungdom og familiar. På sommarstid er det stor aktivitet der stort sett kvar kveld. Det er populært å arrangere bursdagar på idrettsbanen. Skulen arrangerer idrettsdag på våren. Fysioterapautane i kommunen har også hatt treningsgrupper på anlegget. Idrettsanlegget blir også bruka ein del av hyttefolk og turistar. Og vi høyrer nå stadig: Så fint det er her! Det er vi stolte av.

**Frivilligprisen:** På kulturkvelden 6. november fekk Treungen idrettslag utdela frivilligprisen. Det blei særleg lagt vekt på at vi har hatt ein sosial og inkluderande profil, og at vi skaper mykje aktivitet i lokalmiljøet. Vi fekk ein rosemåla diplom og 10.000 kr til laget.



**Styret vil rette ein stor takk til alle som tar på seg trenaroppdrag og styreverv, til alle som steller i stand arrangement og utfører dugnad på annlegget vårt. Takk også til Nissedal kommune for samarbeidet i året som har gått, og til sponsorane våre som gjer det økonomisk mogleg å skape så mykje aktivitet.**



På vegne av styret 2022  
Elin Fjalestad, styreleiar